



Notat

Dato: 17.01.2019
Arkivsak: 2018/505-15
Saksbehandlar: ireolse

Til: Fylkeskassen v/Vidar Kloster

Frå: Eigedomsavdelinga

Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 05800 - profilering eigedomar

Rekneskap: 15 915 216,71 Samla Løyvingar: 31 000 000,-*

Løyving 2013	6 000 000
FT 23/13	4 000 000
Løyving 2014	10 000 000
Løyving 2015	10 000 000
FT 69/15	-2 000 000
Løyving 2016	6 000 000
FT 81/16	-3 000 000

Utdrag av politiske saker

Budsjett 2013

Hordaland fylkeskommune gjennomførte i 2010 og 2011 ein identitetsprosess som grunnlag for langsiktig omdømebygging, kommunikasjonsstrategi og visuell profil. Eit resultat vart at den visuelle profilen vart endra, og ein må difor omprofilera eigedomene i fylkeskommunen.

Dette gjeld logoskilt og opplysningstavler inne og ute.

I rådmannen sitt forslag til budsjettet for 2013 vert det sett av 10 mill. kr til dette arbeidet.

Fylkestinget reduserer posten for omprofilering av fylkeskommunale bygg frå 10 mill. kr til 6 mill. kr i 2013. Dersom rekneskapsresultatet for 2012 gjev rom for det, vil ein vurdera å auka opp att denne posten.

Godkjenning av årsrekneskapen 2012 – FT 23/13

I budsjettvedtaket for 2012 reduserte fylkestinget posten for omprofilering med 4 mill. kr. Det vart sagt at «dersom rekneskapsresultatet for 2012 gjev rom for det vil ein vurdera å auka opp att denne posten.» Fylkesrådmannen gjer framlegg om å legge inn igjen 4 mill. kr på investeringsbudsjettet.

Budsjett 2014

I budsjettet for 2013 er det sett av 10 mill. kr til dette arbeidet.

Denne løyvinga vert vidareført med ytterlegare 10 million kroner i 2014.

Budsjett 2015

I 2014 er det sett av 10 mill. kr. Fylkesrådmannen fører opp same sum i 2015

FT- 69/2015 – Tertialrapport nr. 2

Prosjektet har samla kostnadsramme på 20 mill. kr og pågår for fullt. Det har synt seg meir tidkrevjande enn føresett å få til naudsynte godkjenningar for byggetiltaka. Revidert framdriftsplan syner eit forventa forbruk i 2015 på 8 mill. kr, og ein rår til at ramma for 2015 vert redusert med 2 mill. kr. Samla forbruk for prosjektet ved årsslutt er venta å verte om lag 13,5 mill. kr.

Deler av profileringa vert gjennomført som del av større byggeprosjekt. Ein legg til grunn at restbehov ved årsslutt vil vere på om lag 5,5 mill. kr, og fylkesrådmannen kjem attende til dette i budsjettet for 2016.

Budsjett 2016

Prosjektet skulle i utgangspunktet vert avslutta innan utgangen av 2015, men arbeidet har teke noko lengre tid enn føresett. Prosjektet vart vidare sluttfinansiert. I tekstdelen er talet for sluttfinansiering oppgitt til 5,5 mill. kroner, medan talbudsjettet hadde 6 mill. kroner (6 million kroner vart lagt til grunn i den vidare prosessen)..

FT- 81/16 – Tertialrapport nr. 2

I budsjettet for 2016 er det sett av 6 mill. kr til sluttløyving. Samla forbruk vert lågare enn dette, og fylkesrådmannen rår til at løyvinga vert halvert til 3 mill. kr.

Kommentar:

Som det går fram av dei politiske sakene var bakgrunnen for prosjektet identitetsprosess som grunnlag for langsiktig omdømebygging, kommunikasjonsstrategi og visuell profil, inkludert fylkesvåpen, for Hordaland fylkeskommune.

Budsjettmessig er prosjektet vanskelig å halde oversikta over sidan det er eit prosjekt kor ein prøvde å gjennomføre rebudsjettering, og korrigere framtidige løyvingar i forhold til faktisk forbruk. Det har vist seg umogleg å få ut relevante økonomirapportar i forhold til dette prinsippet, og samla løyvd budsjett er difor høgare enn faktisk prosjektramme.

Som opplyst i sak 69/2015 vart det i praktisk oppfølging lagt til grunn ei øvre kostnadsramme på 20 million kroner. I denne saka er det og synt til formelle krav knytt til godkjenning som årsak til at prosjektet tok lengre tid enn opphavleg planlagt. Vidare har det i nokre tilfelle visst seg vanskeleg å bli einig om ny profil. I tillegg til at einskilde prosjekt vart inkludert i prosjekt med nybygg har ein og hatt tilfeller kor skular / tanntlinikkar er lagt ned i løpet av tida som har gått.

Siste føring på prosjektet var i 2016, og prosjektet vert no formelt avslutta med eit mindreforbruk.

Jostein Fjærestad
eigedomsdirektør

Bjarte Molvik
seniorrådgjevar

Vedlegg: Status og R1 rapport

